

Forvaltningsplan for Nordsjøen

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet sluttar seg til høringsnotatet slik det ligg føre i eit eige notat
2. Vestlandsrådet beklagar at prosessen med forvaltningsplanen for Nordsjøen og Skagerrak så langt har vore oppfatta som lukka og lite tilgjengeleg.
3. Vestlandsrådet ber den politiske gruppa for maritime verdiskaping vere styringsgruppe for arbeidet fram mot ferdigstilling av forvaltningsplanen i 2013.

Prenta vedlegg:

Framlegg til høringsnotat

Uprenta vedlegg:

Vestlandsrådet sin rapport om EUs integrerte maritime strategi

Saksframstilling

Denne saka handlar om innspel til Regjeringa sitt arbeid med ein heilskapleg forvaltningsplan for Nordsjøen og Skagerak. Mandatet for første fase for ein forvaltningsplan for Nordsjøen og Skagerak kom i april 2008.

No ligg det føre ein invitasjon til å spele inn kommentarar – høyring – til faggruppa sitt framlegg til program for utgreiing av miljøkonsekvensar i Nordsjøen og Skagerak. Det ein inviterer innspel til no, er derfor miljøkonsekvensar av menneskeleg aktivitet og påverknad i havområda.

Høyningsfristen er 3 januar 2011. Administrasjonen har varsla om at Vestlandsrådet vil presentere eit høyringssvar som blir endeleg sendt 13. januar 2011.

Kort om bakgrunn for forvaltningsplanen

Det er tidlegare utarbeida forvaltningsplanar både for Barentshavet og havområda utanfor Lofoten (St meld nr 8 (2005-2006)) og for Norskehavet (St meld nr 37 (2008-2009)). I Regjeringa er sin politiske plattform er det sagt at ein vil ta sikte på å få utarbeidd ein heilskapleg forvaltningsplan for Nordsjøen i inneverande stortingsperiode, dvs innan våren 2013.

Nordsjøen og Skagerrak utgjer eit havområde som er delt mellom fleire land. Derfor er det viktig at ein ser arbeidet med ein forvaltningsplan i ein internasjonal samanheng. Det gjeld både i forhold til reguleringar og strategiar i regi av EU (som t.d. EUs integrerte maritime strategi) og det at ein involverer relevante internasjonale aktørar – ikkje minst CPMR og Nordsjøkommisjonen (NSC), som alle fylkeskommunane er medlem av.

Dei fagområda det no blir invitert til å kommentere, er lista opp slik:

- Petroleumsverksemd
- Fornybar energiproduksjon til havs
- Fiskeri
- Skipstrafikk
- Land- og kystbasert aktivitet
- Klimaendring, havforsuring og langtransport forureining

Utfordringar

Utfordringa for ein forvaltningsplan for Nordsjøen og Skagerrak går i stor grad på forholdet mellom bruk og vern.

Nordsjøen og Skagerrak er eit av verdas viktigaste ressurs- og verdiområde – eller “spisskammer”, om ein vil. Det er openbart at for Vestlandet spelar Nordsjøen ei særleg viktig rolle. Kartlegginga av marine og maritime verdiskaping på Vestlandet, som m.a. viser ei omsetting på nærmere 270 mrd kroner og ei verdiskaping på over 65 mrd kroner eksklusivt olje og gass og der Nordsjøen sjølvsagt spelar ei hovudrolle som ressursmagasin for denne skapinga, illustrerer dette tydleg. I tillegg går det meste av petroleumsverksemada føre seg her. Petroleum er bærebjelken for den norske velferdsstaten, og bidrog i 2009 med 420 mrd kroner av statens totale inntekter.

Samstundes må det sikrast ein berekraftig forvaltning som balanserer og legg til rette for sameksistens mellom næringar som fiskeri, skipstrafikk og petroleumsverksemd. Vi veit m.a. bruk av nye kjemikalialar er eit aukande problem, sjøbotn er mange stader i dårlig forfatning,

fiskebestandar er nedadgåande, og klimaendringar og havforsuring gir auka sårbarheit. Men ein ser samstundes forbetringar t.d. ved at det er betydeleg reduksjonar i tilførsel av olje, næringssalt og tungmetall, tilførsel av gamle miljøgifter er reduserte, det same gjeld tilførsel av TBT (Tributyltinn er kunstig framstilte tinnorganiske forbindelsar) frå botnstoff, og radioaktive stoff er på låge nivå.

Prosess og organisering

Frå fiskeri- og kystdepartementet ser ein føre seg ein prosess som starta med å etablere faktagrunnlag først (2008-2010), deretter blir det utarbeidd sektorvise utgreiingar (2010-11) – og det er her Vestlandsrådet no er blitt invitert til å spele inn merknader i form av ei høyring - , i 2011 og 2012 vil ein samanstille utgreiingane, noko som òg vil bli presentert på ein større høyringskonferanse, før ein utarbeider ein heilskapleg forvaltningsplan i form av ei stortingsmelding i 2013.

Arbeidet er leia av ein interdepartemental styringsgruppe, og det er etablert ei faggruppe med medlemmer frå ulike direktorat, tilsyn og forskingsinstitutt. Regionale styresmakter og forskingsmiljø er ikkje med i det sentrale arbeidet, men blir invitert inn i samband med høyringar.

Fylkesrådmannen ser det som viktig at Vestlandsrådet føl tett opp arbeidet med forvaltningsplanen for Nordsjøen og Skagerrak. Han gjer derfor framlegg om at det vert etablert ei fast administrativ faggruppe, basert på den gruppa som i dag har utarbeidd framlegg til høyringsuttale, og at den politiske gruppa for maritim verdiskaping føl dette arbeidet som styringsgruppe. Leiinga av den administrative gruppa føl leiarvervet elles i Vestlandsrådet. For 2011 vil leiinga her vere Rogaland.

Arbeidet vil i hovudsak vere knytt til framtidige høyringsuttale og deltaking på konferansar i regi av den sentrale styrings- og/eller faggruppa.

Meir om fagområda og særskilde utfordringar – innspel til høyringa

Framlegg til høyringsuttalen, som er lagt ved denne saka, skisserer ulike innspel knytt til sektorområda fornybar energi, fiskeri, petroleum og klima og miljø. I tillegg presiserer ein i framlegget at ein bør vere merksam på den rolla Nordsjøkommisjonen kan spele for eit slikt arbeid, ikkje minst òg fordi alle dei fire fylkeskommunane i Vestlandsrådet er medlem her. Vidare blir det peika på at fagrapporten sin tilnærming ved bruk av framtidsbilete ("scenario") for dei ulike sektorane er interessant, men er pr dags dato ikkje konsistent. Det er ulik forståing for bruken av denne metoden, og følgjeleg blir den lite brukande når ein skal samanlikne "framtidsbilda" på dei ulike sektorane.

Vurdering

Fylkesrådmannen ser det som særskilt viktig at Vestlandsrådet engasjerer seg i arbeidet med ein forvaltningsplan for Nordsjøen og Skagerrak. Arbeidet har stått på agendaen i Vestlandsrådet ved fleire høve, og fylkesrådmannen beklagar at prosessen så langt har vore oppfatta som lukka og lite tilgjengeleg. Det er også spørsmål om ikkje ein burde vurdert å ta med representantar frå lokale- og regionale myndigheter og forskingsinstitusjonar i den sentrale styrings- og faggruppa.